



TV1

Kursguide

Nettverk 1 (Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta)
Hotel Alexandra, Loen
18. – 19. september 2023

Velkommen til kurs

Som ny arbeidsplassstillitsvald i Utdanningsforbundet er du no vorten del av eit stort fellesskap som jobbar mot felles mål.

Du skal snart på det første kurset ditt som ny arbeidsplassstillitsvald. I denne guiden får du informasjon om opplæringa du skal få. Grunnopplæringa for arbeidsplassstillitsvalde er bygd opp med fire kurs i ein trinn-struktur. Alle kursa skal gjennomførast det første året som tillitsvald og du må ha delteke på alle kursa for å få grunnopplæringa godkjend.

Gjennom grunnskuleringa skal dei arbeidsplassstillitsvalde:

- Bli kjend med lokal og fylkeslag
- Bli trygge i rolla og motiverast til innsats
- Kunne praktisere medraderett på arbeidsplassen
- Få innsyn i lover, avtalar, Utdanningsforbundet sin politikk og andre tilhøve som legg rammene for tillitsvaldarbeidet
- Bli kjend med Utdanningsforbundet sin politikk og vere medviten handlingsrommet ein har som tillitsvald
- Bli i stand til å arbeide strategisk for Utdanningsforbundet sin politikk og medlemmene sine interesser
- Forstå kva det betyr at Utdanningsforbundet er ein profesjonsorganisasjon og korleis profesjonsfagleg argumentasjon kan brukast
- Kunne leie klubben og engasjere medlemmene
- Kunne kommunisere godt i møte med andre
- Kunne jobbe for medlemsvekst

Dei tillitsvalde skal i tillegg til opplæringa og få verktøy og støtte til det praktiske arbeidet.

Tillitsvaldrolla er hovudoverskrift for grunnopplæringa. Under denne er det fem *kjernetema* som går att gjennom alle kursa, med ein nivåprogresjon.

TILLITSVALDROLLA				
Arbeidet som tillitsvald skal vere handlingsretta og tufta på medvit om kva det inneber å vere tillitsvald i ei fagforeining, korleis ein er forplikta til å jobbe tett på medlemmene og korleis profesjonsforståing styrer mange av vala ein gjer.				
Klubbarbeid og fagforeiningsmedvit	Hovudavtalen og medraderett	Lønns- og arbeidsvilkår	Profesjonsmedvit	Kommunikasjonsferdigheiter

TV1: Det startar lokalt

Det er lagt vekt på rolle- og oppgåveforståing, introduksjon til lov- og avtaleverk, og kva det vil seie at Utdanningsforbundet er ein profesjonsorganisasjon.

TV1 vert gjennomført i og av lokallaget og samlar deltakarar frå alle medlemsgrupper og alle tariffområde.

Mål for TV1

TV1 skal gi deltakarane ei brei basisinnføring i vervet som arbeidsplassstillitsvald. Det er lagt vekt på rolle- og oppgåveforståing, introduksjon til lov- og avtaleverk, og kva det vil seie at Utdanningsforbundet er ein profesjonsorganisasjon.

TV-guiden

*Handbok for nye arbeidsplass-
tillitsvalde.*

TV-guiden er ein del av grunnskoloringa. Vi vil bruke guiden som eit oppslagsverk på nokre av oppgåvene.



18. sept.	Kva skjer?
18.00 – 19.00	Velkomen, presentasjon og bli kjend
19.00 – 20.00	Kan nytte badeanlegg for dei som ynskjer det
20.00	Middag

Timeplanen

19. sept.	Kva skjer?
09.00 – 10.00	OPPSTART
10.00 – 10.15	Pause
10.15 – 12.00	Casearbeid/Førelesing- Tillitsvaldrolla
12.45 – 14.25	Lunsj
12.45 – 13.45	Casearbeid/Førelesing framhald
13.45 – 14.00	Pause
14.00 – 14.45	Casearbeid, avrunding og førebuing TV2

Førebuing til kurset

Til kurset skal du ta med PC/Nettbrett. [Her](#) finn du meir informasjon om grunnopplæringa. Klikk deg inn på ditt avtaleområde. De har rett til permisjon med lønn for deltaking på kurset. Sjå informasjon i innkallinga til kurset.

Velkommen ☺

Helsing lokallagsleiarane i Nettverk 1